

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2026/2454-1

Saksbehandlar

Arve Aarhus

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/16	Forvaltningsutvalet	25.03.2026

Kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad kommune for perioden 2026-2030

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke at forslag til kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad kommune for perioden 2026-2030 skal sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn i 6 veker, slik dei ligg føre.

Forvaltningsutvalet si behandling i møte den 25.03.2026:

TILLEGGSFORSLAG FRÅ LEIAR ØYVIND UTNE, H:

Før den legges ut til høyring vert mål for rådyr endra til:

For rådyr skal stamma forvaltast bærekraftig men haldast på eit lågast mogleg nivå. Spesielt i område med aktivt landbruk og ellers kor det vert rapportert at dyra gjer skade.

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling og tilleggsforslaget frå Øyvind Utne vart einstemmig vedteke.

VEDTAK:

Det vert vedteke at forslag til kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad kommune for perioden 2026-2030 skal sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn i 6 veker, slik dei ligg føre.

Før den legges ut til høyring vert mål for rådyr endra til:

For rådyr skal stamma forvaltast bærekraftig men haldast på eit lågast mogleg nivå.

Spesielt i område med aktivt landbruk og ellers kor det vert rapportert at dyra gjer skade.

Vedlegg:

Samandrag/saka gjeld:

Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt §3, skal kommunane vedta mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort, og rådyr der det er opna for jakt på arten(e). Kommuneadministrasjonen har utarbeidd forslag til kommunale mål som kan sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn før det blir lagt fram for endeleg handsaming.

Saksutgreiing:

Hjorteviltforvaltninga skjer gjennom samhandling og felles forståing mellom kommunen og dei private organiserte hjorteviltvalda i kommunen. Kommunen legg føringar, og valda utfører. Kommunale mål for hjorteviltforvaltninga er slik føring som skal vera styrande for kva valda skal utføre.

Kvinnherad kommune har ikkje vedteke slike mål tidlegare. Etablering av tydelege kommunale føringar, i tråd med forskriftsteksten, er ei ny ordning. Det aukar trøngene for god brukarmedverknad. For å sikre god brukarmedverknad er det vurdert tenleg å sende forslag til kommunale mål for hjorteviltforvaltninga ut på høyring og offentleg ettersyn før saka blir lagt fram for endeleg vedtak.

Det er lite formalkrav til utforming av kommunale mål for hjorteviltforvaltninga. I forskrift om forvaltninga av hjortevilt §3 kjem det fram at: *«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»*

Det kjem vidare fram i § 4 at: *«Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommune-grenser. Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid hvis det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå.»*

Det føreslegne måldokumentet svarar formalkrava, og set også mål som er styrande for offentleg og privat forvaltning utover det. Forslaget listar aktuelle tiltak, set krav til rapportering for måloppnåing med meir. Dokumentet er laga med sikte på å gi forklaring og beskriving av både kva ein har mål om, kvifor ein har mål om, og korleis ein ser føre seg at måla skal nåast. Vi ser det som viktig for å kunne nå måla som blir sette at samhandlinga mellom offentlig og privat forvaltning er godt forankra. Ei offentleg høyring vil gi høve til å komme med innspel og sikre at best mogleg grunnlag for avgjersle ligg føre før endeleg vedtak.

Konklusjon:

Etter heilskapleg vurdering rår Kommunedirektøren til at Kommunale mål for hjorteviltforvaltninga i Kvinnherad for perioden 2026-2030, blir sendt på høyring slik dei ligg føre.